



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Karen Elin Bakke, 55 57 21 26

Vår dato
21.10.2016
Dykkar dato
15.07.2016

Vår referanse
2016/9827 421.4
Dykkar referanse
16/20143

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås kommune - gnr 137 bnr 188 - reguleringsplan Alverflaten - avvising av klage

Vi viser til ekspedisjon frå Lindås kommune, motteken av Fylkesmannen i Hordaland den 15.07.2016.

Vedtak

Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt avvisingsvedtak av 26.05.2016.

Bakgrunnen for saka

Vi føreset at partane er kjende med saksdokumenta og bakgrunnen for saka. Fullstendig saksreferat vert difor ikkje gjeve. Vi vil likevel kort nemne følgjande frå den tidlegare handsaminga av saka:

Lindås kommunestyre vedtok den 12.12.2013, sak 102/13, reguleringsplan for bustadområdet Alverflaten, gnr. 137 bnr. 188.

Det er opplyst at naboane til planen fekk tilsendt melding om vedtak den 05.02.2014. Vedtaket vart også kunngjort i lokalavisa Nordhordland same dato, samt på kommunen sine heimesider.

Margareth og Frode Nyhammer, som er naboar til planområdet, fekk ikkje tilsendt melding om vedtaket. Dei klaga på vedtaket den 27.08.2014.

Lindås kommune har avvist klagen den 26.05.2016.

Margareth og Frode Nyhammer har klaga på avvisingsvedtaket den 19.06.2016. Dei har mellom anna vist til at dei ikkje var kjende med at kommunen hadde godkjent reguleringsplanen for Alverflaten, gnr. 137 bnr. 188, då dei ikkje hadde motteke kunngjering om dette frå kommunen.

Lindås kommune har gjennomgått saka på nytt, men har ikkje funne grunn til å endre avvisingsvedtaket. Saka vart deretter sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagehandsaming.

Fylkesmannen ser saka slik

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si sakshandsaming, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9 første ledd. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka, også om det ligg føre nye omstende, jf. fvl. § 34 andre ledd.

Klagefrist

Det kjem fram av fvl. § 33 andre ledd at *«(d)ersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken»*.

Eit vilkår for å kunne behandle klagen er at han er sett fram innan klagefristen. Av fvl. § 29 kjem det fram at *«fristen for å klage er 3 uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part»*.

Klagarane har gjort gjeldande at dei ikkje vart orienterte om reguleringsvedtaket og om klagefristen i eige brev.

I pbl. § 12-12 fjerde ledd heiter det at *« [n]år planen er vedtatt, skal registrerte grunneiere og festere i planområdet, og så vidt mulig andre rettighetshavere i planområdet og naboer til planområdet, når de blir direkte berørt underrettes særskilt ved brev. Underretningen skal inneholde opplysninger om klageadgangen og frist for å klage.»*

Frode Nyhammer er som nemnt nabo til planområdet, og har hatt merknadar til planframlegget den 02.02.2013. Plikta til å gje underretning om vedtaket gjennom særskilt brev gjeld mellom anna dei som har uttalt seg tidlegare i saka, sjå Ot. prp. nr. 32 (2007-2008) side 236. Kommunen skulle difor ha underretta Nyhammer om reguleringsvedtaket.

I fvl. § 29 andre ledd heiter det at *«[f]or den som ikke har mottatt underretning om vedtaket, løper fristen fra det tidspunktet han har fått eller burde ha skaffet seg kjennskap til vedtaket.»*

Nyhammer har ikkje opplyst når han meiner å ha fått positiv kunnskap om vedtaket. Spørsmålet er difor når han *«[b]urde ha skaffet seg kjennskap til vedtaket.»*, jfr. pbl. § 29 andre ledd.

Fylkesmannen legg til grunn at reguleringsplanen har hatt lokal interesse. Nyhammer har etter det opplyste vore aktiv i reguleringsprosessen ved at han har uttalt seg til planen. Vi er einige med kommunen i at klagefristen startar seinast den 05.02.2014 då vedtaket vart kunngjort i lokalavisa. Klagen er etter dette sett fram for seint.

Sjølv om klagefristen er overskriden kan klagen takast under handsaming etter fvl. § 31 første ledd dersom:

«a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.

Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.»

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å kunne gje oppreisning etter bokstav a, all den tid vedtaket vart gjort offentleg på kommunen si heimeside og i lokalavisa Nordhordland. Spørsmålet vert difor om det ligg føre «*særlige grunner*» som gjer det rimeleg at klagen vert prøvd.

Ordlyden tilseier at det er ein viss terskel for å kunne gje oppreisning. Der kjem fram av kommentarane til loven i *Woxholt «Forvaltningsloven» (2011) s. 536* at oppreisning etter dette alternativet ikkje skal vere kurant. I forarbeida (Ot.prp.nr.3 (1976-1977)) vert det likevel særleg nemnt at det kan vere lite rimeleg å avvise saker kor det er klaga over rettsbruken.

Klagarane har som nemnt opplyste vore aktive i planprosessen og gjeve merknadar til planforslaget. Kommunestyret var såleis kjent med klagarane sine merknadar knytt til utsikttap då planen vart vedteken, og merknadane vart tekne med i den heilskaplege vurderinga som kommunestyret skal gjere i plansaker. Gjennomføring av planen vil også krevje nye vedtak etter plan- og bygningslova som det kan klagast på.

På bakgrunn av ovannemnde vurdering kan Fylkesmannen ikkje sjå at det ligg føre «*særlige grunner*» som gjer det rimeleg at klagen vert prøvd.

Fylkesmannen finn etter dette ikkje grunn til å setje til side kommunen si avgjerd om å avvise klagen. Klagen vert etter dette ikkje tatt til følge.

Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. fvl. § 38 tredje ledd.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland, e.f.
seniorrådgjevar

Karen Elin Bakke
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Margareth Nyhammer og Frode Nyhammer Alverflaten 85 5911 ALVERSUND